

KVALITET & UTVIKLING I JÆRSKULEN

Tilstandsrapport 2019



Samandrag

1. Elevar og undervisningspersonale

Jærskulen famnar om 33 skular med til saman 9755 elevar. Lærartettleiken er innanfor krav til minstenorm i 2019. Dei aller fleste lærarane i Jærskulen har godkjent utdanning. Det var god søknad på lærarstillingar i januar/februar 2020

2. Læringsmiljø

Tal frå elevundersøkinga syner at kommunane i Jærskulen samla har omtrent som landsgjennomsnittet. Det er nokre forskjellar mellom kommunane og skulane. I snitt går mobbetala for kommunane nedover samanlikna med seg sjølv. Jærskulen har i snitt noko meir mobbing enn landsgjennomsnittet på 7.trinn og noko mindre enn landsgjennomsnittet på 10.trinn.

I følgje elevane på 10.trinn har elevane låg motivasjon for skulearbeid. Det er særleg på spørsmålet «kor godt likar du skulearbeid» at elevane svarer lågt. Samla har elevane på 10.trinn i Jærskulen berre 3,2 på motivasjon. Landsgjennomsnittet på motivasjon er på 3,5 på 10.trinn.

3. Læringsutbytte

Læringsutbytte som er målt i nasjonale prøvar, eksamen, grunnskulepoeng og fråfall i vidaregåande opplæring gjev eit avgrensa bilet av læringsutbyttet som er i dei 33 skulane. I snitt har kommunane ei auke i grunnskulepoeng og ei forbetring av eksamensresultat. Eksamensresultata i dei fire kommunane er i snitt som i landet i norsk og matematikk. Jærskulen sine kommunar har noko svakare resultat i snitt i engelsk. Det er i snitt ei auke i kor mange prosent ungdommar som fullfører vidaregåande opplæring på Jæren.

4. Årsrapport

Evaluering av Jærskulen som prosjekt vart gjennomført våren 2019. Jærskulen er no ei fast ordning for samarbeid om skuleutvikling i Time, Gjesdal og Hå, jamfør kommunestyrevedtak i juni 2019. I Klepp vedtok kommunestyret å vidareføre Jærskulen som prosjekt.

Hausten 2019 starta arbeidet med å gjera organisatoriske endringar som følgje av vedtaka i kommunestyra i juni 2019. Det er vidare gjennomført ei lærar- og leiarundersøking i desse kommunane.

Foto der det ikkje står kjelde: www.jaerskulen.no



Innhold

| | |
|--|----|
| Samandrag..... | 2 |
| Felles tilstandsrapport for 2019..... | 4 |
| Det store oppdraget til skulen | 5 |
| Del 1: Elevar og undervisningspersonale..... | 7 |
| Berekna elevtalsutvikling (elevar 1-10.klasse) | 7 |
| Lærartettleik | 7 |
| Godkjent utdanning..... | 9 |
| Rekruttering av lærarar | 9 |
| Del 2: Læringsmiljø | 11 |
| Barnetrinnet: Jærskulen..... | 11 |
| Ungdomstrinnet: Jærskulen..... | 12 |
| Del 3: Læringsutbytte..... | 17 |
| Om nasjonale prøvar | 18 |
| Eksamensresultat..... | 22 |
| Eksamensresultat over tid Jærskulen | 22 |
| Grunnskulepoeng | 24 |
| Gjennomføring av vidaregåande opplæring..... | 29 |
| Del 4. Årsrapport Jærskulen 2019..... | 33 |
| Politisk vedtak juni 2019..... | 33 |
| Kva er Jærskulen? | 33 |
| Økonomi og effektivisering | 34 |
| Formål for Jærskulen frå og med 2020 av | 34 |
| Tiltak | 35 |
| Undersøking desember 2019..... | 38 |
| Nettverk i 2019 og i 2020 | 40 |
| Konklusjon..... | 40 |



Foto:pixnio.com

Felles tilstandsrapport for 2019


Skuleeigar for grunnskulen er kommunestyret. Skuleeigar sitt ansvar står det fleire stader om i opplæringslova, men det er særleg opplæringslova §13-10 som skildrar skuleeigar sitt ansvar for kvalitet, kvalitetsvurdering og oppfølging. Opplæringslova krev at kommunane utarbeider ein årleg rapport om tilstanden i grunnskuleopplæringa, og at denne rapporten skal behandlast politisk. Gjennom Jærskulen samarbeider kommunane Gjesdal, Hå, Klepp og Time om skuleutvikling og denne rapporten er felles. I rapporten vert det presentert fire praksisforteljingar frå kommuanne som del av støttar arbeidet med skuleutvikling.

Jærskulen har, sidan 2014, hatt felles tilstandsrapport for dei fire Jærskulekommunane.

Hovudevalueringa av Jærskulen konkluderte i 2019 at kommunane no har ein fast avtale om å samarbeide om skuleutvikling under namnet Jærskulen. Den faste ordninga gjeld Time, Gjesdal og Hå. I Klepp har ein definert Jærskulen som eit prosjekt.

Tilstandsrapporten “Kvalitet og utvikling i Jærskulen”, for 2019, vert behandla politisk i dei respektive kommunale utvala med ansvar på skuleområdet 24.mars 2020. Etter behandlinga i utvala vil rapporten bli lagt fram for politisk behandling i kommunestyra i dei fire kommunane.

Resultata som vert synte til gjev eit avgrensa og sterkt forenkla bilet av stoda i skulen.. Skulekvardagen er mykje meir enn elevundersøkinga, nasjonale prøvar, grunnskulepoeng og eksamensresultat.



Det store oppdraget til skulen

Forventingane til resultat av opplæringa er formulert i læreplanverket.

«Opplæringa i skule og lærebedrift skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring» § 1-1. *Formålet med opplæringa*.

Hausten 2020 vil ny læreplan gjelda for skulane og kommunane. Læreplanen er mykje meir enn fag og grunnleggjande ferdigheter som ein måler under nasjonale prøvar. Skulen har eit stort samfunnsoppdrag til å utdanne og danne born og unge som veks opp i Time, Hå, Gjesdal og Klepp.

«Dannelse er det som sitter igjen når du har glemt alt det du har lært»

Ellen Key




Foto:udir.no

Jærskulen har eit felles kvalitetssystem for korleis ein følgjer opp skulane, der ein m.a. har fleire dialogmøte med resultatoppfølging med kvar skule. Kvalitetssystemet seier noko om kva ansvar leiarane har og kva ansvar lærarane har.

Det å sorgje for at læreplanverket er i samsvar med nasjonale forventningar og krav er eit ansvar som ligg på politisk skuleeigar saman med skuleleiarar og lærarar. Administrasjonen har eit ansvar for å sorgje for at skulane har god utvikling. Støtte, samhandling og dialog er viktig, men og kontroll og systematikk i oppfølging av skulane.

AKTIVT SKULEEIGARSKAP FOR AUKA LÆRING I SKULANE I HÅ

Administrativ skuleeigar i Hå sitt bidrag til elevens læring er først og fremst å utøva eit godt leiarskap overfor rektorane. I Hå handlar det om å legge tilrette for dybdeprosessar, meininger og påverknad, bygge relasjonar, sette felles mål, følge opp måla, og orientera seg mot framtida.

Skuleeigar involverer rektorane i sin organisasjonsanalyse og endringsprosessar. Brei deltaking i endringsprosessane og eigarskap er nøkkelen til å skapa motivasjon og aksept for endringane. Skuleeigar involverer seg og i skulane sine analysar og endringsarbeid, først og fremst ved å spegla skulane og vera *kritiske venner*. Skuleeigar har gjort nokre strategiske grep, for å skape gode, lærande oppfølgingsmøter, der den gode *dialogen* er i fokus. Kombinert med spesifikke bestillingar og førearbeid, har det ført til gode møter med høg presisjon rundt eleven si læring.

Har dette ført til auka læringsutbytte for elevane? Det er vanskeleg å seie, men me ser i alle fall ei nokså eintydig positiv trend i Hå. Dei siste fire åra har det blitt stadig færre elevar i lågaste meistringsnivå på dei nasjonale prøvane, på dei aller fleste skulane. Det kan sannsynlegvis tilskrivast god undervisning, som har truffe nettopp denne elevgruppa. Kva som eventuelt er grunnen til det igjen, blir spekulasjonar, men det er mykje som tyder på at skuleeigar, rektorer og lærarar i Hå kan halda nokså stø kurs framover i arbeidet med nettopp denne elevgruppa.




Foto: Hå kommune

Del 1: Elevar og undervisningspersonale

Totalt i Jærskulen har ein 9755 elevar, fordelt på 33 skular over 4 kommunar. Private skular er ikkje med i oversikta her. Elevtalet stig enno litt, men ikkje så raskt som venta for nokre år sidan. I skuleåret 2018/2019 var ein til saman 9615 elevar.

Berekna elevtalsutvikling (elevar 1-10.klasse)

Tala er henta inn frå økonomiavdelinga i kvar kommune og er ei framskriving av elevtal.

| | 2019/20 | 2020/21 | 2021/22 | 2022/23 | 2023/24 | 2024/25 |
|-----------|--------------|---------|---------|---------|---------|---------|
| Gjesdal | 1 785 | 1 830 | 1 900 | 1 889 | 1 925 | 1 875 |
| Hå | 2 630 | 2 675 | 2 683 | 2 709 | 2 709 | 2 689 |
| Klepp | 2 736 | 2 773 | 2 793 | 2 786 | 2 772 | 2 720 |
| Time | 2 604 | 2 639 | 2 626 | 2 627 | 2 610 | 2 601 |
| Jærskulen | 9 755 | 9 917 | 10 002 | 10 011 | 10 016 | 9 885 |

I Hå vel fleire elevar privatskule enn i dei andre tre kommunane. Det er estimert at ein har 220 elevar frå Hå i privat skule kvart år. Dei er ikkje med i oversikta over her.

I tabellane i rapporten syner ein berre til dei offentlege skulane sine resultat. Dei private skulane sine tal er ikkje med kommunen sine tal her.

Lærartettleik

Lærartettleik blir rekna på på to ulike måtar.

Talet viser eit gjennomsnitt av elevar pr lærar. Høgt tal er fleire elevar pr lærar

1) Lærartettleik ut frå forholdet mellom det totale talet på elevtimar og lærartimar.

Kjelde: www.skoleporten.no

| 1-7.klasse | 2015-2016 | 2016-2017 | 2017-2018 | 2018-2019 | 2019-2020 |
|----------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| Nasjonalt | 13,3 | 13,2 | 12,9 | 12,7 | 12,4 |
| Gjesdal | 12,8 | 13,3 | 14,0 | 13,8 | 13,9 |
| Hå | 12,4 | 12,8 | 13,1 | 14,7 | 14,4 |
| Klepp | 13,0 | 12,7 | 12,0 | 12,5 | 12,1 |
| Time | 14,1 | 14,2 | 13,5 | 13,8 | 13,5 |

| 8.-10.klasse | 2015-2016 | 2016-2017 | 2017-2018 | 2018-2019 | 2019-2020 |
|----------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| Nasjonalt | 14,0 | 14,0 | 14,2 | 14,1 | 14,0 |
| Gjesdal | 15,6 | 15,6 | 13,6 | 13,1 | 13,8 |
| Hå | 13,8 | 12,9 | 12,4 | 12,8 | 13,5 |
| Klepp | 12,0 | 11,3 | 13,7 | 14,8 | 13,0 |
| Time | 15,1 | 15,7 | 15,4 | 14,9 | 13,5 |



2) Lærartettleik i ordinær undervisning.

Timar som går til spesialundervisning og særskilt norskopplæring er trekte frå.

Kjelde: www.skoleporten.no

Minstenorm for lærartettleik (lærarnorm) vart innført i 2018, og skal sikre ein minimumsressurs av lærarar. For skuleåret 2019/2020 skal det vera 15 elevar per lærar på 1.-4.trinn og 20 elevar per lærar på 5.-7.trinn og 8.-10.trinn. Ved rapportering av korleis ressursar vart nytta ved oppstart hausten 2019 var det nokre skular i Hå, Klepp og Gjesdal kommune som ikkje var innanfor lærarnorma. På nokre skular var det rapportert feil. På andre skular vart det i ettertid flytta ressursar slik at minstenorma vart følgt på kvar av dei 33 skulane. Alle skulane og kommunane er no innanfor lærarnorma.

| Ordinær undervisning 1-4 | 2018-2019 | 2019-2020 |
|-----------------------------|-------------|-------------|
| Nasjonalt | 14,7 | 14,0 |
| Gjesdal | 15,5 | 15,5 |
| Hå | 14,9 | 14,9 |
| Klepp | 13,6 | 12,5 |
| Time | 16,2 | 13,4 |

| Ordinær undervisning 5-7 | 2018-2019 | 2019-2020 |
|-----------------------------|-------------|-------------|
| Nasjonalt | 16,6 | 16,5 |
| Gjesdal | 18,2 | 18,7 |
| Hå | 19,6 | 18,8 |
| Klepp | 15,5 | 16,4 |
| Time | 18,2 | 18,3 |

| Ordinær undervisning 8-10 | 2018-2019 | 2019-2020 |
|------------------------------|-------------|-------------|
| Nasjonalt | 18,2 | 17,8 |
| Gjesdal | 16,8 | 17,3 |
| Hå | 17,8 | 17,6 |
| Klepp | 22,8 | 16,6 |
| Time | 19,2 | 16,7 |



Godkjent utdanning

Statistikken som er presentert nedanfor viser prosent årstimar gitt av lærarar som har formell kompetanse ut frå kompetansekrava i opplæringslova. Tala er innhenta hausten 2019.

Kjelde: www.skoleporten.no

| | 2014/2015 | 2015/2016 | 2016/2017 | 2017/2018 | 2018/2019 | 2019/2020 |
|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|
| Nasjonalt | 96,7 | 96,0 | 95,5 | 95,6 | 95,4 | 95,7 |
| Rogaland | 95,7 | 95,5 | 95,0 | 95,3 | 94,2 | 94,7 |
| Gjesdal | 94,3 | 95,3 | 95,3 | 97,1 | 96,8 | 97,0 |
| Hå | 89,6 | 90,8 | 89,8 | 94,1 | 91,4 | 93,6 |
| Klepp | 96,1 | 95,1 | 95,6 | 94,6 | 97,0 | 96,1 |
| Time | 92,0 | 95,8 | 94,2 | 94,0 | 93,8 | 94,8 |

Dei som er i gruppa utan godkjent utdanning kan og vera lærarstudentar som er i utdanning og tilsette som har fagkompetanse, men som manglar pedagogisk utdanning.

Rekruttering av lærarar

Tabellen syner lærarar som søkte til våre kommunar etter fyrste fellesutlysing for 2014-2020. Tala i tabellen syner lærarar som formelt har godkjent lærarutdanning, og talet i parentes er alle søkerar til stillinga (og dei utan godkjent utdanning).

| | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
|-----------------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|
| Gjesdal | 52 (62) | 55 (73) | 57 (70) | 88 (97) | 76 (91) | 83 (88) | 82 (89) |
| Hå | 35 (94) | 39 (70) | 53 (111) | 76 (112) | 78 (103) | 81 (99) | 98 (115) |
| Klepp | 38 (50) | 79 (100) | 94 (114) | 119 (136) | 104 (110) | 120 (134) | 143 (163) |
| Time | 64 (85) | 89 (108) | 114 (130) | 122 (140) | 114 (127) | 99 (119) | 156 (167) |
| Jærskulen samla | 189 (291) | 262 (351) | 318 (425) | 404 (484) | 385 (433) | 371 (440) | 479 (534) |



Søkartala for 2020 er gode i alle kommunane. Det er særskilt viktig for at ein skal ha fagleg dyktige lærarar i skulane.

Læraren er svært viktig for god kvalitet på undervisninga.

Foto: Stock

Jærskulen og rekruttering

Dei fire kommunane samarbeider om rekruttering og deltek på *Karrieredag* på Universitetet i Stavanger for å arbeida for ein auke i rekrutteringa for Jærskulen sine kommunar.

Jærskulen hadde i tillegg den 2.januar 2020 eit treff for lærarstudentar i Forum Jæren, Bryne. Studentane fekk møte nyutdanna lærarar, tillitsvalde og skulesjef. Studentane fekk moglegheit til å få svar på det dei lurte på.

Jærskulen har felles plan for rettleiing av nytilsette lærarar i Jærskulen. Lærarar som er i sitt første arbeidsår får tilbod om rettleiing på eigen arbeidsplass. Lærarar som er i sitt andre arbeidsår, får tilbod om rettleiing i grupper organisert av Jærskulen. Planen inneholder og tiltak for å rettleie lærarar som har vore borte frå yrket i mange år. Rettleiarane er lærarar i Jærskulen sine fire kommunar. Læraren har vidareutdanning i rettleiing og legg rammer for rettleiingsøkter gjennom skuleåret.

Alle nyutdanna lærarar får ein fadder i tillegg på eigen arbeidsplass. Det i seg sjølv er ei god støtte for mange. Ordninga med rettleiing vert evaluert jamleg.

Ei god rettleiingsordning og eit godt system for kompetanseutvikling kan vera med til å gjera at nyutdanna lærarar vert raskare trygge i rolla og blir verande i lærarjobben.

Sidan 2014 har 19 av 33 skular i Jærskulen vore praksisskular. Det å vera praksisskule er ein fordel for skulane, og med tanke på rekruttering og intern kompetanseheving. Studentar som har hatt gode praksisopplevelingar ønskjer seg tilbake til desse skulane.



Del 2: Læringsmiljø

Opplæringslova kapittel 9A slår fast at alle elevar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring. Utdanningsdirektoratet sin elevundersøking er eit grunnlag for å måla korleis elevane opplever læringsmiljøet.


Alle elevar skal inkluderast og oppleve meistring. Skuleeigarar og skuleleiarar er pålagt å gjennomføre elevundersøkinga for elevar på 7. og 10. trinn. I Jærskulen tek ein undersøkinga for alle elevar på 6., 7., 8., 9. og 10. trinn kvar haust. Nasjonalt snitt vert rekna ut frå 7. trinn og 10. trinn. Skulane og kommunane nyttar tala frå kvar skule og kvart trinn. Det å følgje kulla frå år til år kan gje skulen nokre svar på korleis ein arbeider med kvart trinn.

Elevundersøkinga viser elevane si subjektive oppleving av eige læringsmiljø, og er ei sentral kjelde til kunnskap om læringsmiljø i arbeid med skuleutvikling. Dialog med lærarar og elevar er viktig for skulen sine eigne resultat. Skalaen på elevundersøkinga går frå 1-5, der 5 er beste resultat. Unntak er «*mobbet av andre elever på skolen*» kor låg verdi er positivt.

Fyrst kjem ei samla oversikt over Jærskulen sine fire kommunar, deretter kjem ei oversikt over utviklinga i kvar kommune.


Barnetrinnet: Jærskulen

Jærskulen sine fire kommunar sine resultat på elevundersøkinga, 7. trinn er i snitt (samanlagt/4) jamt med landsgjennomsnittet kvart år. Det er ingen store skilnadar frå år til år. Snittet for Jærskulen sine kommunar er på eller 0,1 over eller under gjennomsnittet kvart einaste år. Kjelde: www.skoleporten.no



Ungdomstrinnet: Jærskulen

Jærskulen sine fire kommunar sine resultat på elevundersøkinga, 10.trinn er i snitt (samanlagt/4) jamt med landsgjennomsnittet på dei fleste indikatorane kvart år og på 10.trinn. Kjelde: www.skoleporten.no



Eit unntak er «motivasjon». I 2019 har dei fire kommunane sine 10.klassingar eit snitt på 3,2. Nasjonalt snitt er på 3,5. Både på ungdomstrinnet og på barnetrinnet har skulane arbeidd mykje med motivasjon. Dette syner ikkje att på elevundersøkinga på 10.trinn.

Det nasjonale snittet på motivasjon fell frå 3,8 på 7.trinn til 3,5 på 10.trinn. I Jærskulen er det ein trend at motivasjonen fell meir enn elles i landet. Bak indikatoren «motivasjon» svarar elevane på desse spørsmåla og påstandane:

1. Er du interessert i å læra på skulen?
2. Kor godt liker du skulearbeidet?
3. Eg gler meg til å gå på skulen.
4. Prioriterer du å bruke tid på skulearbeidet (både arbeid i timane og lekser)?
5. Når eg arbeider med skulefag, fortset eg å jobbe sjølv om det eg skal lære er vanskeleg.

Det er særleg på spørsmål 2 at elevane på 10.trinn svarer lågt i dei fire kommunane.

I Klepp kommune svarer elevane ut frå elevundersøkinga på 10.trinn at dei har motivasjon like under landsgjennomsnittet. Motivasjonen for elevar på 10.trinn i Klepp er høgare enn i dei tre andre kommunane.

Skala: 1-5. Høg verdi er positivt resultat. **Unntak er kor mange elevar som opplevar mobbing.** Her ønskjer ein lågt svar. Kjelde: www.skoleporten.no

| Elevundersøking Gjesdal kommune 7.trinn | 2017 | 2018 | 2019 | Nasjonalt snitt 2019 |
|---|------|-------|------|----------------------------|
| Støtte fra lærer | 4,6 | 4,4 | 4,5 | 4,4 |
| Vurdering for læring | 4,1 | 4,0 | 3,9 | 3,9 |
| Læringskultur | 4,3 | 4,1 | 4,1 | 4,0 |
| Mestring | 4,1 | 4,1 | 4,1 | 4,0 |
| Elevdemokrati og medvirkning | 3,9 | 4,0 | 3,9 | 3,8 |
| Motivasjon | 3,8 | 3,7 | 3,8 | 3,8 |
| Elevar som opplever mobbing på skulen | - | 10,6% | 6,9% | 7,1% |

| Elevundersøking Gjesdal kommune 10.trinn | 2017 | 2018 | 2019 | Nasjonalt snitt 2019 |
|--|------|-------|------|----------------------------|
| Støtte fra lærer | 3,8 | 3,9 | 3,9 | 4,0 |
| Vurdering for læring | 3,0 | 3,2 | 3,2 | 3,3 |
| Læringskultur | 3,8 | 3,7 | 3,7 | 3,8 |
| Mestring | 3,8 | 3,9 | 3,7 | 3,9 |
| Elevdemokrati og medvirkning | 3,2 | 3,2 | 3,2 | 3,4 |
| Motivasjon | 3,1 | 3,3 | 3,1 | 3,5 |
| Elevar som opplever mobbing på skulen | 8,0% | 10,8% | 5,9% | 6,6% |

| Elevundersøking Hå kommune 7.trinn | 2017 | 2018 | 2019 | Nasjonalt snitt 2019 |
|--|-------|------|------|----------------------------|
| Støtte fra lærer | 4,4 | 4,4 | 4,3 | 4,4 |
| Vurdering for læring | 3,8 | 3,8 | 3,7 | 3,9 |
| Læringskultur | 4,0 | 3,9 | 3,8 | 4,0 |
| Mestring | 4,0 | 4,1 | 3,9 | 4,0 |
| Elevdemokrati og medvirkning | 3,8 | 3,9 | 3,7 | 3,8 |
| Motivasjon | 3,7 | 3,7 | 3,6 | 3,8 |
| Elevar som opplever mobbing på skulen | 13,6% | 7,5% | 9,8% | 7,1% |

| Elevundersøking Hå kommune 10.trinn | 2017 | 2018 | 2019 | Nasjonalt snitt 2019 |
|---|------|------|------|----------------------------|
| Støtte fra lærer | 4,0 | 4,0 | 3,9 | 4,0 |
| Vurdering for læring | 3,2 | 3,3 | 3,2 | 3,3 |
| Læringskultur | 3,6 | 3,8 | 3,8 | 3,8 |
| Mestring | 3,8 | 3,9 | 3,8 | 3,9 |
| Elevdemokrati og medvirkning | 3,3 | 3,4 | 3,4 | 3,4 |
| Motivasjon | 3,2 | 3,2 | 3,2 | 3,5 |
| Elevar som opplever mobbing på skulen | 9,3% | 9,2% | 4,2% | 6,6% |



Skala: 1-5. Høg verdi er positivt resultat. **Unntak er kor mange elevar som opplevar mobbing.** Her ønskjer ein lågt svar. Kjelde: www.skoleporten.no

| Elevundersøking Klepp kommune 7.trinn | 2017 | 2018 | 2019 | Nasjonalt snitt 2019 |
|---|------|------|-------|----------------------------|
| Støtte fra lærer | 4,4 | 4,4 | 4,5 | 4,4 |
| Vurdering for læring | 3,9 | 3,8 | 4,0 | 3,9 |
| Læringskultur | 4,0 | 4,1 | 4,1 | 4,0 |
| Mestring | 4,1 | 4,0 | 4,1 | 4,0 |
| Elevdemokrati og medvirkning | 3,8 | 3,7 | 3,8 | 3,8 |
| Motivasjon | 3,9 | 3,7 | 3,7 | 3,8 |
| Elevar som opplever mobbing på skulen | 9,5% | 8,0% | 10,3% | 7,1% |

| Elevundersøking Klepp kommune 10.trinn | 2017 | 2018 | 2019 | Nasjonalt snitt 2019 |
|--|------|------|------|----------------------------|
| Støtte fra lærer | 4,0 | 4,0 | 4,0 | 4,0 |
| Vurdering for læring | 3,3 | 3,2 | 3,2 | 3,3 |
| Læringskultur | 3,9 | 3,9 | 3,7 | 3,8 |
| Mestring | 4,1 | 4,0 | 3,8 | 3,9 |
| Elevdemokrati og medvirkning | 3,3 | 3,2 | 3,1 | 3,4 |
| Motivasjon | 3,5 | 3,4 | 3,4 | 3,5 |
| Elevar som opplever mobbing på skulen | 7,4% | 4,5% | 7,4% | 6,6% |

| Elevundersøking Time kommune 7.trinn | 2017 | 2018 | 2019 | Nasjonalt snitt 2019 |
|--|------|------|------|----------------------------|
| Støtte fra lærer | 4,4 | 4,4 | 4,3 | 4,4 |
| Vurdering for læring | 3,9 | 3,8 | 3,7 | 3,9 |
| Læringskultur | 4,2 | 4,1 | 4,0 | 4,0 |
| Mestring | 4,1 | 4,0 | 4,0 | 4,0 |
| Elevdemokrati og medvirkning | 3,8 | 3,8 | 3,8 | 3,8 |
| Motivasjon | 3,7 | 3,8 | 3,6 | 3,8 |
| Elevar som opplever mobbing på skulen | 5,1% | 7,1% | 4,6% | 7,1% |

| Elevundersøking Time kommune 10.trinn | 2017 | 2018 | 2019 | Nasjonalt snitt 2019 |
|---|------|------|------|----------------------------|
| Støtte fra lærer | 4,1 | 4,1 | 3,8 | 4,0 |
| Vurdering for læring | 3,5 | 3,3 | 3,2 | 3,3 |
| Læringskultur | 4,0 | 3,9 | 3,9 | 3,8 |
| Mestring | 4,1 | 3,9 | 3,9 | 3,9 |
| Elevdemokrati og medvirkning | 3,5 | 3,4 | 3,3 | 3,4 |
| Motivasjon | 3,6 | 3,4 | 3,2 | 3,5 |
| Elevar som opplever mobbing på skulen | 6,6% | 5,3% | 6,6% | 6,6% |

Trygt og godt skolemiljø

« Alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring. » Opplæringsloven §9A-2

Det å kjenne seg einsam, bli plaga eller utestengt frå fellesskapet er noko elevane ikkje skal oppleve. Det skjer diverre på skulane i Jærskulen og i samfunnet elles. Som skular og kommunar har ein eit særskilt ansvar. Mobbing har alvorlege og ofte langvarige negative konsekvensar for den og dei det gjeld. Det vert arbeidd mykje med å fremje gode og trygge skolemiljø på dei 33 skulane på Jæren. Noko av det som skjer i kommunane er nemnt under del 4 i denne rapporten.

Skulane har fått ei auka dokumentasjonsplikt sidan 2017 av, og krava er skjerpa dersom det er vaksne som krenker elevar. Skulane har erfaringar med aktivitetsplanar når elevar kjenner at dei ikkje har eit trygt og godt læringsmiljø. I det systematiske arbeidet er aktivitetsplanen sentral. Det viktigaste arbeidet vert gjort på kvar enkelt skule og i kvart enkelt klasserom. Skulane har i stor grad oversikt over eigne elevar og korleis utviklinga er på kvar skule. Det er forskjellar mellom skulane. Det er og nokre kommunale forskjellar.


For Jærskulen sine fire kommunar ser ein desse resultata i 2019:

- Time kommune har i snitt låge tal på elevar som opplever mobbing på skulen. Det er ein trend som held fram. Time har betre resultat enn landsgjennomsnittet på 7.trinn og likt med landsgjennomsnittet på 10.trinn.
- Gjesdal kommune har færre elevar som opplever mobbing på 7.trinn, og på 10.trinn enn det var i 2018. Gjesdal har betre resultat enn landsgjennomsnittet i 2019.
- Hå kommune har fleire som opplever mobbing på 7.trinn enn i 2018. Ein har fleire enn landsgjennomsnittet. Det er færre som opplever mobbing på 10.trinn enn ein hadde i 2018. På 10.trinn har ein betre resultat enn landsgjennomsnittet.
- Det er fleire elevar på 7.og 10.trinn i Klepp som seier at dei opplever mobbing i 2019 enn i 2018. Det er fleire elevar i Klepp som i 7.og 10.klasse seier at dei vert mobba enn landsgjennomsnittet. Det er i Klepp store forskjellar mellom skulane.

Det er variasjonar frå år til år i kommunane. Ein må difor sjå på tala for fleire år og ikkje berre kva 7.trinn og 10.trinn svara i 2019 på elevundersøkinga.

Dette er gjennomsnitt for Jærskulen sine fire kommunar og nasjonalt snitt siste tre år:

| | 2017-18 | 2018-19 | 2019-20 |
|---------------------------|----------------|----------------|----------------|
| 7.trinn nasjonalt | 7,2% | 7,0% | 7,1% |
| 7.trinn Jærskulen | 9,4% | 8,3% | 7,9% |
| 10.trinn nasjonalt | 8,3% | 7,1% | 6,6% |
| 10.trinn Jærskulen | 7,8% | 7,5% | 6,0% |



Kjelde: www.skoleporten.no

Det er forskjellar mellom skulane og kommunane, men i snitt går mobbetala nedover. Ein er noko over nasjonalt snitt på 7.trinn og noko under på 10.trinn. For dei som vert mobba er det nok ikkje interessant om tala aukar eller minkar. Opplevinga deira er vond uansett.



Foto: Stock

Del 3: Læringsutbytte

Læringsutbytte kan definerast som det ein ønskjer å oppnå med det pedagogiske arbeidet, det vil seia kompetansen elevane har oppnådd. Omgrepene omfattar både faglege kompetansar og grunnleggjande ferdigheiter. I tilstandsrapporten er gjennomføring av vidaregåande skule teke med under overskrifta læringsutbytte.

Læringsutbytte i skulen skal målast ut frå læreplanane sine mål, både kompetansemåla og overordna mål.

1. Opplæringens verdigrunnlag

- 1.1 Menneskeverdet
- 1.2 Identitet og kulturelt mangfold
- 1.3 Kritisk tenkning og etisk bevissthet
- 1.4 Skaperglede, engasjement og utforsketrang
- 1.5 Respekt for naturen og miljøbevissthet
- 1.6 Demokrati og medvirkning

www.udir.no

Generell del av læreplanen var frå 1994. Ny overordna del er vedteken, og ny læreplan er gjeldande frå hausten 2020. I denne rapporten skriv ein ikkje om læringsutbytte elevane har ut frå måla i overordna del, eller generell del som gjeld framleis.

I ny læreplan står det m.a. kva verdiar ein skal byggje undervisninga på. Opplæringa sitt verdigrunnlag inneheld seks punkt. Mange av desse verdiene og haldningane er ikkje målbare slik me kjenner nasjonale prøvar og eksamen i dag. Særleg hjå dei yngste elevane seier ein i denne tilstandsrapporten lite om deira læringsutbytte. Det er ei svakheit og mykje viktig informasjon om undervisning og læring er ikkje synt til her.

Kva slags læringsbytte har dei nesten 10 000 elevane når det gjeld skaperglede, leik, kritisk tenking og kulturelt mangfold? Verdiar og haldningar er vanskelege å måle, men det er ikkje det same som at dei ikkje er viktige.



Foto: Stock



Foto: Stock

Om nasjonale prøvar

Formålet med dei nasjonale prøvane er å bidra til å vurdera og utvikla elevane sine ferdigheter i lesing, rekning og engelsk. Dette betyr at prøvane er utforma slik at dei kan brukast i arbeidet med undervegsvurdering og tilpassa opplæring i skulen. I tillegg er resultata tenkt brukt av skulane og skuleeigar i arbeidet med skuleutvikling.

Nasjonale prøvar vert gjennomførte kvar haust på 5., 8., og 9. trinn. På 5. og 8. trinn er det prøvar i lesing, rekning og engelsk, medan elevane på 9. trinn tek prøvar i lesing og rekning. Dei måler læringsutbytte fyrste år på ungdomsskulen og er lik som prøven på 8.trinn.

Nasjonale prøvar i lesing og i rekning skal kartleggja i kva grad elevane sine ferdigheter er i samsvar med kompetansemåla for dei grunnleggjande ferdighetene i lesing og rekning. Engelsk er ikkje ein av dei grunnleggjande ferdighetene slik desse er definert i Kunnskapsløftet. Derfor skil prøvane i engelsk seg frå dei andre nasjonale prøvane ved at dei tek utgangspunkt i nokre av kompetansemåla i dette faget.

I kommunane har ein eigne rutinar for gjennomføring og oppfølging av nasjonale prøver. Desse rutinane er på dagsorden i møte med skulane gjennom året. Elevane sine læringsresultat er tema i utviklingsamtalar med den enkelte skulen og i tillegg på agendaen på leiarsamlingar. Nasjonale prøvar er berre ein indikator for læringsutbytte. Etter mange år med nasjonale prøvar har skuleeigar og leiarar gode verktøy for å følgje grupper og enkeltelevar over tid.

Alle resultat, og frå skulenivå, er tilgjengeleg for alle på www.skoleporten.no

- a) Resultata vert publiserte på ein skala med eit gjennomsnitt på 50 skalapoeng og standardavvik på 10.
- b) Resultata vert og publiserte saman med tala av elevar på kvart meistringsnivå.

4 skalapoeng er estimert til å vera 1 års skulegang. Det vil seie at om ein i gjennomsnitt har 52 poeng så er elevane $\frac{1}{2}$ år framfor ein kommune som har 50 skalapoeng.

Nasjonale prøvar Gjesdal kommune

| Engelsk | 2014-2015 | 2015-2016 | 2016-2017 | 2017-2018 | 2018-2019 | 2019-2020 | Nasjonalt |
|----------------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|
| 5.trinn | 52 | 51 | 51 | 49 | 52 | 51 | 50 |
| 8.trinn | | | | 52 | 51 | 51 | 50 |

| Lesing | 2014-2015 | 2015-2016 | 2016-2017 | 2017-2018 | 2018-2019 | 2019-2020 | Nasjonalt |
|----------------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|
| 5.trinn | 52 | 50 | 50 | 52 | 50 | 52 | 50 |
| 8.trinn | | | | 51 | 52 | 50 | 50 |
| 9.trinn | | | | | 55 | 56 | 54 |

Elevar født 2009
Elevar født 2006
Elevar født 2005

| Rekning | 2014-2015 | 2015-2016 | 2016-2017 | 2017-2018 | 2018-2019 | 2019-2020 | Nasjonalt |
|----------------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|
| 5.trinn | 54 | 51 | 50 | 53 | 51 | 52 | 50 |
| 8.trinn | | | | 53 | 52 | 51 | 50 |
| 9.trinn | | | | | 56 | 56 | 54 |

Resultat 5.trinn er over nasjonalt snitt.

Resultat 8.trinn er på og rett over nasjonalt snitt.

Resultat 9.trinn er over nasjonalt snitt. Resultat er forventa læringsutbytte ut frå resultat i 8.trinn.

Nasjonale prøvar Hå kommune

| Engelsk | 2014-2015 | 2015-2016 | 2016-2017 | 2017-2018 | 2018-2019 | 2019-2020 | Nasjonalt |
|----------------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|
| 5.trinn | 47 | 46 | 48 | 49 | 49 | 48 | 50 |
| 8.trinn | | | | 48 | 48 | 50 | 50 |

| Lesing | 2014-2015 | 2015-2016 | 2016-2017 | 2017-2018 | 2018-2019 | 2019-2020 | Nasjonalt |
|----------------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|
| 5.trinn | 46 | 45 | 49 | 47 | 49 | 48 | 50 |
| 8.trinn | | | | 48 | 47 | 49 | 50 |
| 9.trinn | | | | | 51 | 52 | 54 |

Elevar født 2009
Elevar født 2006
Elevar født 2005

| Rekning | 2014-2015 | 2015-2016 | 2016-2017 | 2017-2018 | 2018-2019 | 2019-2020 | Nasjonalt |
|----------------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|
| 5.trinn | - | 48 | 50 | 50 | 50 | 49 | 50 |
| 8.trinn | | | | 49 | 49 | 50 | 50 |
| 9.trinn | | | | | 52 | 53 | 54 |

Resultat 5.trinn er under nasjonalt snitt

Resultat 8.trinn er på og rett under nasjonalt snitt.

Resultat 9.trinn er under nasjonalt snitt. Progresjon frå 8.trinn til 9. trinn er god, særleg i lesing.



Nasjonale prøvar Klepp kommune

| Engelsk | 2014-2015 | 2015-2016 | 2016-2017 | 2017-2018 | 2018-2019 | 2019-2020 | Nasjonalt |
|----------------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|
| 5.trinn | 49 | 49 | 49 | 49 | 50 | 50 | 50 |
| 8.trinn | | | | 50 | 49 | 49 | 50 |

| Lesing | 2014-2015 | 2015-2016 | 2016-2017 | 2017-2018 | 2018-2019 | 2019-2020 | Nasjonalt |
|----------------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|
| 5.trinn | 50 | 48 | 48 | 49 | 48 | 49 | 50 |
| 8.trinn | | | | 50 | 49 | 49 | 50 |
| 9.trinn | | | | | 55 | 52 | 54 |

Elevar født 2009
Elevar født 2006
Elevar født 2005

| Rekning | 2014-2015 | 2015-2016 | 2016-2017 | 2017-2018 | 2018-2019 | 2019-2020 | Nasjonalt |
|----------------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|
| 5.trinn | 51 | 50 | 51 | 51 | 49 | 50 | 50 |
| 8.trinn | | | | 51 | 50 | 50 | 50 |
| 9.trinn | | | | | 54 | 53 | 54 |

Resultat 5.trinn er på og rett under nasjonalt snitt.

Resultat 8.trinn er på og rett under nasjonalt snitt.

Resultat 9.trinn er under nasjonalt snitt.

Nasjonale prøvar Time kommune

| Engelsk | 2014-2015 | 2015-2016 | 2016-2017 | 2017-2018 | 2018-2019 | 2019-2020 | Nasjonalt |
|----------------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|
| 5.trinn | 53 | 50 | - | 51 | 51 | 51 | 50 |
| 8.trinn | | | | 51 | 51 | 48 | 50 |

| Lesing | 2014-2015 | 2015-2016 | 2016-2017 | 2017-2018 | 2018-2019 | 2019-2020 | Nasjonalt |
|----------------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|
| 5.trinn | 50 | 48 | 49 | 48 | 49 | 50 | 50 |
| 8.trinn | | | | 51 | 50 | 47 | 50 |
| 9.trinn | | | | | 53 | 52 | 54 |

Elevar født 2009
Elevar født 2006
Elevar født 2005

| Rekning | 2014-2015 | 2015-2016 | 2016-2017 | 2017-2018 | 2018-2019 | 2019-2020 | Nasjonalt |
|----------------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|
| 5.trinn | 53 | 50 | 50 | 51 | 50 | 51 | 50 |
| 8.trinn | | | | 52 | 51 | 49 | 50 |
| 9.trinn | | | | | 55 | 54 | 54 |

Resultat 5.trinn er på og rett over nasjonalt snitt.

Resultat 8.trinn er over og under nasjonalt snitt.

Resultat 9.trinn er på og under nasjonalt snitt.



Hvorfor gjør Gjesdalelevene det godt i lesing?

I Gjesdal har vi gjennom år klart å skape en kulturforståelse av hvor viktig leseopplæringen er for elevene. Det hele startet med SOL (Systematisk Observasjon av Lesing). Vi ønsket å finne et “leseverktøy” vi kunne bruke i skolene for å løfte elevenes resultater i lesing. Flere ble vurdert. Løsningen ble til slutt å utvikle et selv. Ledelsen på de ulike skolene fikk ansvar for å finne dedikerte lærere, følge opp prosesser, være pådriver og etterspør. Det ble satt ned en gruppe svært dedikerte lærere fra alle skolene tett fulgt opp av skolekontoret. Gruppa ble gitt et tydelig mandat. Målet var å utvikle et verktøy for lærere som skulle bygge en kompetansepakke og gi bedre resultater på elevenes lesing. De lærerne som var med i gruppa, måtte og ha SOL opplæring på egen skole. Både lærere og skoleledere måtte på skolebenken. For å lykkes måtte både lærerne og skoleledere forstå hvorfor vi trenger denne kompetansen og hvordan den skal brukes. Dette førte til både felles forståelse, eierskap og forpliktelse.

Det var en forventning fra skoleeiernivå om at SOL skulle tas i bruk samtidig på alle skoler. Alle skolene skulle ha minst en SOL lærer. SOL ble satt i system. Det ble i alle klasser satt av faste tidspunkter for soling. Leseresultatene til hver elev ble registrert i et regneark (nå Engage), noe som førte til at resultatene ble synlige og lett å følge opp / etterspør for både lærere, skoleledelsen og skoleeier.



Foreldrene fikk og tidlig en rolle inn i dette viktige arbeidet. På alle foreldremøter ble det vist egenprodusert film om hvordan foreldre kunne bidra i leseutviklingen, og vist presentasjon og samtalt om lesingens betydning for læring i alle fag. Elevenes leseresultater har og fokus på alle foreldre/elevsamtaler. Resultatoppfølgingen etter soling ble etterhvert og topptungt etterspurt fra skoleeier både i medarbeidersamtaler og i dialogmøter.

SOL har gitt oss i Gjesdalskolene et felles språk slik at vi finner elevene der de er i sin leseutvikling for så å kunne løse de videre. Gode resultater gir motivasjon, men og inspirasjon til å holde fokus og stø kurs videre. En-to ganger pr halvår gjennom- fører fortsatt alle skolene ”SOL drypp” på fellestid. Felles presentasjoner, tips, veiledning og deling sikrer felles fokus og kontinuerlig påfyll av kompetanse.

SOL nettverket, bestående av lærere fra alle skolene, lever som aldri før. Kompetansen må stadig opprettholdes og utvikles, likeså kvaliteten på arbeidet vi gjør. Hvordan sikre at alle nyansatte og nye foreldre blir en del av lesekulturen vår? Egne SOL kurs for nytilsatte og stadig fokus på lesing på foreldremøtene er svaret på det. De siste årene har vi og vært opptatt av å kvalitetssikre opplæringen elevene får i norskfaget generelt. På bakgrunn av flere verdistrømskartleggingsanalyser på alle trinn, har vi nå ”silt ut” beste praksis på alle trinn i faget norsk. Vi har satt ned en ekspertgruppe som har utviklet forpliktende kommunal plan for språk, lesing og skriving på 1.-4. trinn. Planen er oppdatert ift ny læreplan. Mellomtrinnet er påbegynt og ungdomstrinnet står for tur, - og SOL inngår i alle planene. Med andre ord, fortsatt spennende tider. Hva vi har lært:

- **Kompetansebygging ER avgjørende**
- **Kompetansebygging inn i SOL verktøyet - gir et felles språk**
- **Oppfølging av lærere er ”selve nøkkelen” for å lykkes med lesing**
- **Ledelsen må etterspørre og være pådriver**

Foto: Gjesdal kommune

Læringsutbytte av 10.trinn vert målt i eksamensresultat og grunnskulepoeng. Her syner ein fyrst ei oversikt samla frå Jærskulen, deretter frå kvar kommune.

Eksamensresultat

Elevane på 10. trinn blir trekte ut til ein sentralt gitt skriftleg eksamen og ein lokalt gitt munnleg eksamen. Tabellane under viser eksamensresultata og standpunktcharakterar i faga norsk, matematikk og engelsk. For den einskilde kommunen, er utvala her små og varierande, noko som gjev større variasjon enn for store utval som fylket og landet.

Dersom ein tek eit snitt av Jærskulen sine resultat i dei fire kommunane og samanliknar dei samla med Rogaland og nasjonalt snitt får ein desse eksamensresultata for 2019:

| | Jærskulen sine fire kommunar i snitt | Snitt Rogaland | Nasjonalt snitt |
|------------|--------------------------------------|----------------|-----------------|
| Matematikk | 3,9 | 3,9 | 3,9 |
| Engelsk | 4,0 | 4,1 | 4,2 |
| Norsk | 3,7 | 3,7 | 3,7 |

I Jærskulen har ein samla svakare resultat i engelsk samanlikna med Rogaland og nasjonalt snitt. Elles er eksamensresultata i dei fire kommunane i snitt på Lands og fylkesnivå.


Kjelde: www.skoleporten.no

Eksamensresultat over tid Jærskulen


Dersom ein legg saman eksamensresultat over tid kan ein sjå korleis eksamensresultata har vore i Jærskulen sine kommunar dei siste 10 åra. Dett er resultata for Jærskulen sine fire kommunar samla sett samanlikna med gjennomsnittet i Rogaland.

Kjelde: www.skoleporten.no


| Matematikk eksamen 10.trinn | | |
|-----------------------------|-----------|----------|
| Snitt eksamen 2009-2018 | | |
| | Jærskulen | Rogaland |
| 2008-09 | 3,5 | 3,6 |
| 2009-10 | 3,4 | 3,5 |
| 2010-11 | 3,3 | 3,4 |
| 2011-12 | 3,2 | 3,4 |
| 2012-13 | 3,3 | 3,4 |
| 2013-14 | 3,5 | 3,3 |
| 2014-15 | 3,4 | 3,3 |
| 2015-16 | 3,7 | 3,6 |
| 2016-17 | 3,7 | 3,7 |
| 2017-18 | 3,8 | 3,8 |
| 2018-19 | 3,9 | 3,9 |



| Engelsk eksamen 10.trinn | | |
|---------------------------------|-----------|----------|
| <i>Snitt eksamen 2009-2019</i> | | |
| | Jærskulen | Rogaland |
| 2008-09 | 3,8 | 3,6 |
| 2009-10 | 3,9 | 3,9 |
| 2010-11 | 3,8 | 3,9 |
| 2011-12 | 3,9 | 4,0 |
| 2012-13 | 3,8 | 4,0 |
| 2013-14 | 3,9 | 4,0 |
| 2014-15 | 4,0 | 4,1 |
| 2015-16 | 3,7 | 3,9 |
| 2016-17 | 3,9 | 4,0 |
| 2017-18 | 3,8 | 4,0 |
| 2018-19 | 4,0 | 4,1 |



| Norsk eksamen 10.trinn | | |
|--------------------------------|-----------|----------|
| <i>Snitt eksamen 2009-2019</i> | | |
| | Jærskulen | Rogaland |
| 2008-09 | 3,4 | 3,6 |
| 2009-10 | 3,5 | 3,6 |
| 2010-11 | 3,4 | 3,6 |
| 2011-12 | 3,6 | 3,6 |
| 2012-13 | 3,5 | 3,6 |
| 2013-14 | 3,4 | 3,5 |
| 2014-15 | 3,5 | 3,5 |
| 2015-16 | 3,4 | 3,6 |
| 2016-17 | 3,5 | 3,6 |
| 2017-18 | 3,7 | 3,7 |
| 2018-19 | 3,7 | 3,7 |




Om ein ser eksamensresultata over tid så ser ein tydeleg at resultata i norsk, og særleg matematikk, har hatt ei forbetring.

Grunnskulepoeng

Grunnskulepoeng blir sett på som eit mål for det samla læringsutbyttet for elevar som går ut av 10.klasse. Grunnskulepoeng er gjennomsnittet av alle karakterar i standpunkt og eksamen multiplisert med ti. Grunnskulepoenga blir mellom anna nytta som grunnlaget for opptak til vidaregåande skule. Karakterskala er 1-6, der 6 er beste karakter.

Grunnskulepoeng 2014-2019 kjelde: www.skoleporten.no

| | 2014-2015 | 2015-2016 | 2016-2017 | 2017-2018 | 2018-2019 |
|-----------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| Jærskulen | 40,8 | 40,7 | 41,5 | 41,0 | 41,3 |
| Rogaland | 40,6 | 41,0 | 41,5 | 41,7 | 41,7 |
| Nasjonalt | 40,8 | 41,2 | 41,4 | 41,8 | 42,0 |




Grunnskulepoeng er viktige for alle elevane. Ein veit at eit lågt snitt er fare for at ein får fråfall i vidaregående opplæring. Det er grunnskulepoenga som er inngangsbilletten til val av vidaregående opplæring.


Resultat frå Gjesdal, Hå, Klepp og Time følgjer bak.

Grunnskulepoeng og eksamensresultat frå kommunane


| Gjesdal kommune 10.trinn Kjelde:Skoleporten.no | 2014-2015 | 2015-2016 | 2016-2017 | 2017-2018 | 2018-2019 | Nasjonalt snitt 2018-2019 |
|--|-----------|-----------|-----------|-----------|------------|---------------------------|
| Engelsk skriftleg eksamen | 3,9 | 3,5 | 3,8 | 3,7 | 3,8 | 3,8 |
| Engelsk munnleg eksamen | 4,1 | 4,1 | 4,2 | 4,4 | 4,4 | 4,6 |
| Matematikk skriftleg eksamen | 2,6 | 3,8 | 3,2 | 3,7 | 3,5 | 3,6 |
| Matematikk munnleg eksamen | 3,6 | 4,6 | 4,0 | 3,9 | 4,4 | 4,2 |
| Norsk hovedmål skriftleg eksamen | 3,6 | 3,2 | | 3,6 | 3,3 | 3,4 |
| Norsk munnleg eksamen | 4,4 | 4,5 | 4,2 | 4,3 | 4,7 | 4,5 |
| Norsk sidemål skriftleg eksamen | 3,3 | 3,1 | | 3,6 | 3,4 | 3,1 |




| Hå kommune 10.trinn Kjelde:Skoleporten.no | 2014- 2015 | 2015- 2016 | 2016- 2017 | 2017- 2018 | 2018- 2019 | Nasjonalt snitt 2018- 2019 |
|---|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|-------------------------------------|
| Engelsk skriftleg eksamen | 3,6 | 3,2 | 3,8 | 3,2 | 3,4 | 3,8 |
| Engelsk munnleg eksamen | 4,7 | 4,1 | 4,7 | 4,1 | 4,3 | 4,6 |
| Matematikk skriftleg eksamen | 2,9 | 3,2 | 3,5 | 3,5 | 3,6 | 3,6 |
| Matematikk munnleg eksamen | 4,3 | 4,2 | 4,0 | 3,8 | 4,1 | 4,2 |
| Norsk hovedmål skriftleg eksamen | 3,2 | 3,4 | 3,3 | 3,1 | 3,6 | 3,4 |
| Norsk munnleg eksamen | 4,6 | 4,1 | 4,5 | 4,1 | 4,3 | 4,5 |
| Norsk sidemål skriftleg eksamen | 3,1 | 3,3 | 3,5 | 3,5 | 3,2 | 3,1 |



| Klepp kommune 10.trinn Kjelde:Skoleporten.no | 2014- 2015 | 2015- 2016 | 2016- 2017 | 2017- 2018 | 2018- 2019 | Nasjonalt snitt 2018- 2019 |
|--|-----------------------|-----------------------|-----------------------|-----------------------|-----------------------|---|
| Engelsk skriftleg eksamen | 3,8 | 3,2 | 3,4 | 3,8 | 3,3 | 3,8 |
| Engelsk munnleg eksamen | 4,6 | 4,4 | 4,5 | 4,4 | 4,8 | 4,6 |
| Matematikk skriftleg eksamen | 2,9 | 3,5 | 3,4 | 3,6 | 3,7 | 3,6 |
| Matematikk munnleg eksamen | 4,4 | 4,1 | 3,8 | 4,2 | 4,1 | 4,2 |
| Norsk hovedmål skriftleg eksamen | 3,2 | 3,4 | 3,0 | 3,4 | 3,6 | 3,4 |
| Norsk munnleg eksamen | 4,4 | 4,1 | 4,3 | 4,5 | 4,4 | 4,5 |
| Norsk sidemål skriftleg eksamen | 3,0 | 3,2 | 3,4 | 3,7 | 3,3 | 3,1 |



| Time kommune 10.trinn Kjelde:Skoleporten.no | 2014- 2015 | 2015- 2016 | 2016- 2017 | 2017- 2018 | 2018- 2019 | Nasjonalt snitt 2018- 2019 |
|---|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|-------------------------------------|
| Engelsk skriftleg eksamen | 3,4 | 3,5 | 3,7 | 3,4 | 3,5 | 3,8 |
| Engelsk munnleg eksamen | 4,5 | 4,4 | 4,6 | 4,5 | 4,2 | 4,6 |
| Matematikk skriftleg eksamen | 3,3 | 3,6 | 3,6 | 3,6 | 3,7 | 3,6 |
| Matematikk munnleg eksamen | 4,7 | 4,4 | 4,3 | 4,2 | 3,5 | 4,2 |
| Norsk hovedmål skriftleg eksamen | 3,4 | 3,3 | 3,2 | 3,3 | 3,0 | 3,4 |
| Norsk munnleg eksamen | 4,1 | 4,2 | 4,6 | 4,7 | 3,5 | 4,5 |
| Norsk sidemål skriftleg eksamen | 3,3 | 3,2 | 3,2 | 3,7 | 3,4 | 3,1 |



Gjennomføring av vidaregåande opplæring

Fråfall kan ha store, negative konsekvensar for individ og samfunn. For samfunnet fører fråfall med seg store kostnader. Mange i gruppa som ikkje fullfører vidaregåande opplæring, får dårlegare levekår enn resten av befolkninga.

Ei rekke faktorar, i og utanfor skulen, har samanheng med fråfall. I Noreg ser ein på fråfallet etter 5 eller 6 år etter oppstart vidaregåande skule. I andre land har ein andre måtar å rekne statistikken på. Det må ein ta med seg dersom ein vil samanlikne Noreg med andre land. Det er fleire elevar som fullfører vidaregåande opplæring, men som ikkje kjem med i statistikken då dei ikkje klarar det innanfor 5 år.

Ein veit at elevar med eit lågt karaktersnitt frå ungdomsskulane er i faresone for fråfall. Det vert arbeidd aktivt med denne gruppa ungdommar, samt andre tiltak. Det endelege resultatet på statistikken ser ein først fem år etter at eleven har gått ut frå ungdomsskulen.

For at kommunane kan få ei lita tilbakemelding på korleis det går med kulla som går ut frå ungdomsskulen ser ein på korleis det har gått første året på vidaregåande opplæring. Då har ein m.a. desse tre ulike tala som er sentrale for gjennomføring av vidaregåande opplæring.

- Grunnskulepoeng. Kva kjem ein ut med frå ungdomsskulen?
I sum ligg Jærskulen sine kommunar like bak snitt i Rogaland og landet.
Det er ei forbetring i grunnskulepoeng (som vist til på side 24-28).
- Gjennomføringa etter eit år. 1.året i vidaregåande opplæring
I denne oversikta ser ein på elevar som gjekk ut av 10.trinn i 2018.
- Gjennomføringa etter fem år. Dei nyaste tala ein har er korleis det har gått med elevar fødd i 1997 som gjekk ut av grunnskulen i 2013. Ut frå gjennomføringa pr 2018 tel det på gjennomføringsstatistikken.

1 år Elevar som gjekk ut av grunnskulen i 2018. Korleis ser det ut eit år etter?

| | Studieforberedande utdanningsprogram | | Yrkesfagleg utdanningsprogram | | Totalt | |
|----------------|--------------------------------------|--------|-------------------------------|--------|-------------|------------|
| | % | elevar | % | elevar | % | elevar |
| Rogaland | 93,0 | | 90,9 | | 92,1 | |
| Gjesdal | 84,4 | 59 | 91,4 | 58 | 88,9 | 117 |
| Hå | 85,5 | 62 | 90,3 | 113 | 88,6 | 175 |
| Klepp | 95,9 | 73 | 92,2 | 103 | 93,8 | 176 |
| Time | 97,0 | 101 | 95,1 | 102 | 96,1 | 203 |

Tabellen syner oversikt over korleis det gjekk med fyrste skuleår i vidaregåande opplæring for dei elevane som starta vidaregåande opplæring hausten 2018. Elevane er fødd i 2002 og gjekk ut av 10.klasse våren 2018. Elevar frå Klepp og Time har høg gjennomføring av vidaregåande opplæring eit år etter at elevane gjekk ut av grunnskulen. Tala i Hå og Gjesdal ligg noko bak snittet for Rogaland. Dei aller fleste elevane fullfører 1.studieår.

5 år Elevar som gjekk ut av grunnskulen i 2013. Korleis ser det ut 5 år etter?

Tabellen syner den offisielle gjennomføringsstatistikken for kommunane.

Kjelde: www.rogfk.no – Kvalitetsmelding 2019

| Elevar f.1997 10.trinn 2013 | Studieforberedande utdanningsprogram | | Yrkesfagleg utdanningsprogram | | Totalt | |
|--------------------------------|---|--------|----------------------------------|--------|-------------|--------|
| | % | elevar | % | elevar | % | elevar |
| Rogaland | 88,7 | 3133 | 66,8 | 2952 | 78,1 | 6085 |
| Gjesdal | 81,6 | 87 | 55,4 | 101 | 67,6 | 188 |
| Hå | 91,1 | 101 | 70,8 | 171 | 78,3 | 272 |
| Klepp | 89,5 | 143 | 67,4 | 141 | 78,5 | 284 |
| Time | 83,9 | 112 | 71,2 | 125 | 77,2 | 237 |

| Kull som gjekk ut 10.trinn | 2011 Elevar f.1995 | 2012 Elevar f.1996 | 2013 Elevar f.1997 | Gjennomsnitt siste tre år |
|-------------------------------|-----------------------|-----------------------|-----------------------|------------------------------|
| Rogaland | 74,9 | 77,0 | 78,1 | 76,7 |
| Gjesdal | 72,2 | 78,4 | 67,6 | 72,7 |
| Hå | 74,6 | 73,3 | 78,3 | 75,4 |
| Klepp | 67,5 | 73,4 | 78,5 | 73,1 |
| Time | 71,5 | 74,5 | 77,2 | 74,4 |

Gjennomføringa etter 5 år er for dei fire Jærkommunane noko ulik frå år til år. Gjesdal har låg gjennomføring for elevar som gjekk ut av grunnskulen i 2013. Dei tre andre kommunane har omtrent som snittet i Rogaland. Slik var det ikkje for få år sidan. Dei fire kommunane på Jæren har vanlegvis vore under snittet i Rogaland. Rogaland har god gjennomføring samanlikna med andre fylke.

Kommunane følgjer kulla frå ungdomsskulen og inn i vidaregåande opplæring. Det er i snitt fleire elevar som fullfører fyrste året med vidaregåande opplæring, og som fullfører heile utdanningsløpet.

Gjennomføring vidaregåande opplæring er i stor grad Rogaland Fylkeskommune sitt ansvar saman med den enkelt vidaregåande skule. Både erfaringar frå kommunane, og forsking har vist at det er klare samanhengar med kva grunnskulane og kommunane gjer av kvalitetsarbeid for at ungdommane skal gjennomføre vidaregåande opplæring.



Foto: Stock

«Glidelåsen» Klepp sin modell

«Glidelåsen» er eit system for tett oppfølging av elevar frå ungdomsskulen til vidaregåande opplæring. Målet er å auka gjennomføring av vidaregåande opplæring. Fleire kommunar har søkt om å få bli med i ordninga. Klepp starta opp skuleåret 2017/18 med 6 elevar. Desse elevane fekk plass på 3 ulike vidaregåande skular.

I starten av ordninga fekk elevane sjølv velja kvar sin «heiagjeng», som besto av vaksne personar dei hadde god relasjon til. «Heiagjengen» skulle vera støtte for elevane i overgangen frå grunnskule til vidaregåande opplæring. Etter to år med denne tilnærminga vart ordninga evaluert, og ein såg behov for endringar. «Heiagjengen» til elevane var tidlegare basert på frivillig innsats frå nettverket kring eleven. For å hjelpe Glidelåselevane i å lukkast endå betre på ny skule, innsåg ein at me må vera tettare på enn det ein kan forventa av eit «frivillig mannskap». Derfor har Klepp kommune sitt «Glidelås»-prosjekt endra seg sidan oppstarten i 2017. For skuleåret 2019/20 er heiagjengen bytta ut med Klepp kommune sine to ungdomskoordinatorer. Me har sett ei auke i elevar som takker ja til Glidelås-oppfølging.

Når ungdomskoordinatorar har ansvaret for alle «Glidelåselevar», arbeider kommunen meir systematisk, og fleire elevar får tettare oppfølging. I tillegg har ein kortare veg til øvrig hjelpeapparat for dei elevane som treng andre tenester i kommunen. Ungdomskoordinatorane er godt kjende med det kommunale tenestelandskapet og samarbeider også med BUP. Dette gjer det lettare å losa ungdommane vidare til best hjelp.

For skuleåret 2019/20 har Klepp 15 elevar i Glidelåssystemet. Dette er elevar som ungdomsskulen, i samarbeid med helsejukepleiar og ungdomskoordinator, har identifisert som elevar ein må følge tettare opp. Dei fleste elevar som inneverande skuleår fekk tilbod om Glidelås takka ja.

Våren i 10.klasse vart brukt til å bli kjent med elevane, og få oversikt over kven som har søkt kva for skule. Vekene før skulestart tok ungdomskoordinator kontakt med alle elevane for å sikra at dei hadde takka ja til skuleplass, og sjekka at alle visste kva tid og kor dei skulle møte til første skuledag. Etter ei veke på ny skule, vart det igjen teke kontakt med elevane for å høyre korleis oppstarten hadde vore. Tre veker etter skulestart vart det ny kontakt mellom elevar og ungdomskoordinator. Då såg ein at elevane hadde kome godt i gang på ny skule. Neste steg i prosessen var at skulen kalla inn til samarbeidsmøte. Her var elev, føresette, kontaktlærar og ungdomskoordinator representert. I nokre tilfelle var sosialrådgjevar med. Tema var evaluering og eventuelle tilpassingar.

Elevane som er med i Glidelåsen har varierande behov for oppfølging. Enkelte elevar har me ikkje hatt kontakt med etter møtet på skulen. Me følger likevel med på karakterar og fråvær etter 1. termin for å få ein peikepinn. I tillegg har me ein gjennomgang med skulen på kvar enkelt Glidelås-elev for å sikra at dei har søkt seg til vg2 innan fristen går ut.

Oppsummering så langt er at Klepp kommune har treft godt når det gjeld å finna dei rette kandidatane. Desse elevane har potensiale til å kunne gjennomføre vidaregåande opplæring. Men, for å klare dette, er det viktig at kommune og fylkeskommune samarbeider tett. Me er nøgd med samarbeidet med vidaregåande opplæring og heim. Signala frå samarbeidspartnarar er at dei er godt nøgd med Klepp kommune sitt bidrag.

For neste skuleår er Klepp i full gang med rekruttering av nye elevar, og foreløpige tal syner at kommunen kan enda opp med ca. 20 elevar i ordninga. Suksesskriteria våre er at me har ungdomsskular som tidleg ser kva elevar som kan ha nytte av ordninga, gode samarbeidsrutinar internt i kommunen og godt samarbeid med dei vidaregåande skulane.



Tverrfagleg samskaping i Timeskulen

Innovasjonsprosjektet: «Laget rundt læraren og eleven»

Funn i eit tidlegare prosjekt i samarbeid med Klepp kommune og Bryne vidaregåande skule «Samhandling for auka gjennomføring i VGS» 2015-2017 avdekkja at elevar som ikkje opplever å bli sett, stilt forventningar til og blir følgt opp fagleg og sosialt, oftare faller ut av skulen. Som eit resultat av dette blei «Tett på» i Time utvikla. Dette er vårt systemretta arbeid i samarbeid med Bryne vidaregåande skule for å jobba for at fleire elevar skal gjennomføra vidaregåande skule.

Det blei vidare hjå oss i dette prosjektet avdekkja at sjølv om det er mykje ressursar knytt til oppfølging av elevane i tillegg til lærarressursar som helsejukepleiar, spes.ped koordinator, rådgjevar og sosiallærar, PPT kontaktpersonar, var det ikkje i stor nok grad eit godt system og samarbeid. Dette blei opptakten til innovasjonsprosjektet «Laget rundt læraren og eleven». Lærarane klarer ikkje å løysa utfordringane i skulen åleine. Det er behov for tverrfagleg kompetanse til å handtera sosiale og faglege behov innanfor ramma av tilpassa opplæring. Lærarane må ha kunnskap om kva det vil sia å jobba førebyggande, og kunna identifisera behov der det trengs ytterlegare hjelp og støtte av andre.

Deltaking i prosjektet baserer seg på tverrfagleg samarbeid både på kommunalt nivå og på den enkelte skulen. Viktige grep som er gjort er etablering av ei styringsgruppe som består av skulesjef, barne- og familiesjef, rektorane, leiar av PPT og leiar av helsestasjonen. På skulane består teamet «Laget rundt læraren og eleven» av PPT rådgjevar, spesialpedagogisk koordinator, helsejukepleiar, sosialrådgjevar og vert leia av rektor. Tanken er at den tverrfaglege samansettinga fører til auka kompetanse som kjem elevane til gode på ein betre måte enn kva som er tilfellet når den enkelte profesjonen jobbar åleine.

Det er tett oppfølging frå skuleeigar i samarbeid med skulane, og det er over dei to siste åra gitt auka ressurs til helsejukepleiar og PPT i skulen. Dette som tiltak i Økonomiplanen og gjennom tildelte ressursar frå Folkehelsemidlar. Bryne skule og Bryne ungdomsskule var dei to første skulane som starta opp i innovasjonsprosjektet hausten 2017. På Bryne skule byrja dei ut frå behovet på eigen skule med kompetanseutviklingstiltak. Her var det helsejukepleiar som leia dette i personalet. På Bryne ungdomsskule opplevde dei å sitja med mykje data etter å ha gjennomført sine analysar. Dei valde med bakgrunn i dette å involvera elevrådet i sitt arbeid. Her fekk elevrådet i oppdrag å ta med seg tilgjengeleg data ut i klassane for å høyra kva elevane tenkte kunne vera gode tiltak for at elevane skulle oppleve fagleg og sosial meistring. Med bakgrunn i elevane sine tankar valde skulen å testa ut tre tiltak; frukost, karakterfri vurdering, og å innføra livsmeistringstimen fast på timeplanen. Tiltak som vert testa på skulane skal gjerast med utgangspunkt i analysar og eigne behov. Dette medfører at kvar skule sine prosjekt vil ha ulike tiltak som vert testa. For å sikra læring på tvers vert erfaringar som ein gjer seg undervegs delt i styringsgruppa som har faste møter. Kvar juni er det ei større deleøkt for heile leiargruppa. Våren 2020 vil alle Timeskulane vera med i prosjektet.

Den grunnleggjande tanken er at når skulen og lærarpersonalet får auka kompetanse og verktøy for å jobba førebyggande vil det medføra til færre spesialpedagogiske enkeltvedtak, betre psykisk helse, og auka fagleg meistring hjå elevane.

Eit overordna mål for om dette blir ein suksess, er i kva grad lærarane over tid opplever å få auka kompetanse som gjer dei i betre stand til å leggja til rette for et godt læringsmiljø for alle elevane. Viktige delmål på kort sikt vil vera om deltakarane i teamet «Laget rundt læraren og eleven» opplever reell samskaping, og om teamet kjem opp med tiltak som ikkje er gjennomført tidlegare. Viktige delmål på litt lengre sikt vil vera om lærarane opplever at dei får meir tid til læringsarbeid i klassene, om elevane i undersøkingar gjev positive tilbakemeldingar på opplevd effekt av tiltak som vert testa. På lang sikt vil et viktig delmål vera om det vert færre spesialpedagogiske enkeltvedtak. Viktige sluttmål er om dette får konsekvensar for elevane si faglege meistring og å høyra til med den effekten at fleire ungdommar fullfører vidaregåande skule og opplæring.



Del 4. Årsrapport Jærskulen 2019

Politisk vedtak juni 2019

Jærskulen har vore eit prosjekt for Gjesdal, Hå, Klepp og Time i perioden 2011-2019. Frå 2013-2019 har det vore arbeid i kommunane på leiarnivå og noko på lærarnivå. Våren 2019 sluttførte styringsgruppa for Jærskulen hovudevalueringa for Jærskulen. Det er ein eigen rapport som vart handsama i utvala i dei fire kommunane i mai 2019 og i dei fire kommunestyra i juni 2019.

I kommunestyret i Gjesdal, Hå og Time vart dette vedtaket fatta (einstemmig):

- 1. Sluttrapporten om Jærskulen tilseier at samarbeidet går over i ein fast avtale og at dette held fram under namnet Jærskulen.*
- 2. Rådmennene får fullmakt til å gjennomføra dei organisatoriske endringane som ein treng for å vidareføra Jærskulen.*
- 3. Jærskulen avgir ein årleg rapport i tillegg til tilstandsrapporten.*

Evaluering av Jærskulen var og sak i Klepp kommunestyremøte 17.juni 2019

Vedtak i kommunestyret i Klepp var dette:

(Forslaget fekk 25 stemmer. Alternativt forslag fekk 6 stemmer (Ap og V))

- 1. Prosjektperioden med Jærskulen blir forlenga i tre år.*
- 2. Det blir utarbeida ei ny evaluering i 2022 som skal sjå på om og korleis samarbeidet skal vidareførast.*
- 3. Alle lærere og rektorer deltek i ei ekstern spørreundersøking hausten 2019, for å sikra forbedring av Jærskulen*

Klepp har definert Jærskulen som eit prosjekt. Prosjektet er dei organisatoriske endringane som vert gjort i 2019/2020. Denne rapporten er eit svar på politisk vedtak frå Gjesdal, Hå og Time som seier at *Jærskulen avgir ein årleg rapport i tillegg til tilstandsrapporten.*

Kva er Jærskulen?

Jærskulen er ein utviklingsorganisasjon. Jærskulen kan sjåast på som ein utviklingsorganisasjon som skal bidra til å støtte kvar kommune sitt arbeid med skuleutvikling og profesjonsutvikling.

Samanheng mellom styring og læring. Ei viktig utfordring for Jærskulesamarbeidet har vore å styrke samanhengen mellom styring og læring på kommunalt og interkommunalt nivå. Strategiane i Jærskulen må sjåast i samanheng med kommunale strategiar slik at heilskapen vert ivaretatt på ein god måte.

Skulebaserte utviklingsprosesser. Ut frå analysar på skulenivået prioriterer kvar skule sine utviklingsområde. Lærarar og profesjonen er engasjert i dette arbeidet lokalt på kvar skule. Forsking og erfaring har vist at om ein skal ha reell skuleutvikling, så handlar det om å få til gode skulebaserte prosesser. Denne innsikta har og ført til endringar i den statlege styring av skulen. Føringar frå staten for Desentraliserte kompetansemidlar (Dekom) tek og utgangspunkt i at ein skal ha lokale skulebaserte prosesser for utvikling på skulane framover.

Skulane har erfaringar med skulebaserte utviklingsprosesser gjennom Jærskulen, kommunane og m.a. satsinga Ungdomstrinn i utvikling (UiU). Leiарane på kvar skule har ansvar på eigen skule i samarbeid med eigne lærarar.



Tett oppfølging av skulane sitt utviklingsarbeid. Ei kjerneoppgåve for dei skulefaglege tilsette på kommunenivå er oppfølging av skulane sitt utviklingsarbeid. Skulesjefar og rådgjevarar i dei fire kommunane er tett på skulane sine i oppfølgingsarbeidet og ein har erfarsingsdeling på tvers av kommunane i dette arbeidet.

Partssamarbeidet. Gjennom Jærskulen er det satsa mykje på å utvikle partssamarbeidet der Utdanningsforbundet spelar ei sentral rolle som pådrivar for skuleutvikling og profesjonsutvikling. Dette har i stor grad vore nybrotsarbeid med eit stort og spennande potensiale. Andre tillitsvalde har og vore viktige for samarbeidet i Jærskulen, men sidan det er Utdanningsforbundet som famnar dei fleste tilsette i Jærskulen, har desse hatt den mest sentrale rolla. Medbestemmelse og medskapingsprosessar med leiarar har ein lært mykje om i organisasjonen.

For å lykkast med å hjelpe kvar enkelt elev i kvart klasserom vil Jærskulen sitt samarbeid hovudsakleg vera retta inn mot leiarar og tillitsvalde. Leiinga har ansvar på kvar enkelt skule. Lærarane si stemme går gjennom partssamarbeidet, og det gode arbeidet som skjer på kvar enkelt skule.

Økonomi og effektivisering

Jærskulen hadde for 2019 eit budsjett på totalt kr 1 253 000. Dette var budsjettet med 313 250 for kvar av dei fire kommunane. I 2019 vart kvar kommune fakturert med 235 706 for Jærskulen. Grunn til at kostanden til kommunane vart mindre i 2019 enn budsjettet er eksterne prosjektmidlar som er tatt inn i regnskapet. Budsjett for 2020 er likt som 2019. Jærskulen har ein tilsett som er utviklingsleiar. Dei største postane er løn til utviklingsleiar, felles kompetansetiltak og felles annonsering.

Formål for Jærskulen frå og med 2020 av

Samarbeid og læring i eit større fellesskap på tvers av kommunane Gjesdal, Hå, Klepp og Time i Jærskulen styrkar kommunane og skulane i si utvikling. Læringsfellesskapet er med på å skapa gode og trygge læringsmiljø som fremmar den enkelte elev si læring. I arbeidet med å fremma læringa for elevane på våre 33 skular er skuleleiarane sentrale. Jærskulen skal vera med på å styrka skuleleiarane i sine roller slik at det vert lagt til rette for profesjonsfaglege fellesskap med skulebaserte prosessar på eigen skule.

Målet med læringsfellesskapet i Jærskulen

Jærskulen har skuleeigarar, skuleleiarar og lærarar som jamleg reflekterer over felles verdiar, og vurderer og vidareutviklar eigen praksis.

Mål for Jærskulen

Måla for Jærskulen er dei overordna nasjonale måla for sektoren.

1. Alle har eit godt og inkluderande læringsmiljø
2. Barn og unge som har behov for det, får hjelp tidleg slik at alle får utvikla potensialet sitt
3. Dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse
4. Alle lykkast med opplæringa og utdanninga

Måla er nasjonale og gjeldande for kommunane og skulane. Jærskulen har utvalde tiltak som ein samarbeider om. Desse tiltaka dekker deler av dei nasjonale måla.

Tiltak

I 2020/2021 har kommunane desse tiltaka ein samarbeider om interkommunalt i Jærskulen. Tiltaka kjem frå prosess i kommunane i 2019. Tiltaka vert konkretisert i ein eigen tiltaksplan. Plan skal evaluerast årleg. Her er informasjon om tiltaka ut frå det som er skjedd i 2019:

1. Langsiktig arbeid med utvikling av praksis / Læreplanforsyninga.

Desentraliserte kompetanseutviklingsordning (DEKOM) i partnarskap med Universitetet i Stavanger (UiS)

I 2017 vart Jærskulen del av Region Sør i ny ordning med desentraliserte kompetansemidlar. Rogaland er delt inn i tre regionar: Nord, Midt og Sør. Region Sør er Jærskulen saman med Dalane og Sandnes. Desse tre områda i Region Sør har saman med Universitetet i Stavanger danna eit partnarskap.

Samarbeidet i Region Sør er om pedagogisk bruk av læringssteknologi og læreplanforsyninga. Dette var for Jærskulen sin del med bakgrunn i at alle fire kommunane har læringsbrett til alle elevane, og at ein treng auka kompetanse for pedagogisk bruk av verktøyet.

Læreplanen er meir enn implementering av nye læreplanar. I samarbeid med universitetet i Stavanger og fagpersonane Arne Olav Nygaard og Atle Skaftun har leiarane på skulenivå og kommunenivå hatt dialog i 2019, for å sjå på praksis i klasserommet. Kva er praksis, og korleis kan ein forstå dette på ulike måtar? Ein ønskjer eit langsigkt perspektiv der ein saman arbeidar med å finne ut korleis me ønskjer skulen skal vera, og korleis me kan kome dit. Skulane er kome ulikt, og her må skulane og leiinga tilpassa til kor ein er og kor ein ønskjer å gå vidare. Med ny læreplan treng ein å sjå på elev, lærar og leiarolla på ny. I Jærskulen er ein godt på veg. I 2020 har det vore eller skal det vera lærarsamlingar i kommunane. Leiarar følgjer opp på eigne skular der ein er.

Jærskulen har i 2016-2019 hatt eit samarbeid med Universitetet i Stavanger om kritisk tenking i skulen. Kritisk tenking er svært sentralt i ny læreplan, og det er til nå lite forsking på området. Det er nybrotsarbeid som er gjort i det første prosjektet som ein no bygg vidare på. Arbeidet er gjort av forskrarar og lærarar saman. Frå og med hausten 2019 til og med juni 2022 er Jærskulen saman med Universitetet i Stavanger, universitet/skule i Valencia, universitet i Lancaster og skular i Frankrike med i CLAE II (Critical Awareness and Literacies in Education). Prosjektet er eit Erasmus+ prosjekt. I Jærskulen er 12 lærarar med aktivt. Dei kjem frå alle fire kommunane. Lærarar skal lage og dele undervisningsopplegg. Dette vil i åra framover synne igjen i mange klasserom regionalt, nasjonalt og internasjonalt.

2. Felles samarbeid om teknologi som verktøy for læring: Pedagogisk bruk av læringssteknologi

- Profesjonsfagleg digital kompetanse (Pfdk) og desentraliserte kompetansemidlar
- IKT res. gruppe

Kommunale midlar til desentralisert kompetanseordning vert for skuleåra 2019/2020 og 2020/2021 nytta til 2-3 digitale resurs pedagogar for læringssteknologi i kvar kommune.



Dei digitale res. pedagogane har fire nettverksmøte kvart år. I møta er erfaringsdeling og kompetanseheving sentralt. Res.pedagogane har eige ansvar for arbeid ut i kommunane saman med skuleeigar og skuleleiing.

Samarbeidet om Pfdk er utan fagpersonar frå universitet og høgskular no. Dei fleste som er digitale res.pedagogar har nyleg teke minimum 30 studiepoeng i Pfdk. Ein tenker seg at samarbeidet om Pfdk kan utvidast med fagpersonar frå universitet og høgskular seinare om kommunane ser at ein treng det.

Alle lærarar i Jærskulen fekk i april 2019 moglegheit til å delta på ei undersøking av deira profesjonsfaglege didaktiske kompetanse. Utviklinga av læraren sin digitale kompetanse har eit tosidig siktemål: Den eine handlar om profesjonsutvikling og den andre om måten læraren underviser på. Svara her vert nytta som bakgrunn for kompetanseheving i Jærskulen sine kommunar dei neste to åra.

IKT res.gruppe: Pedagogisk og teknisk tilsette innanfor IKT i kvar kommune har nokre møte kvart år. Dette vert kalla for IKT res.gruppe. Samarbeidsmøta er for læring og samarbeid om bruk av læringsteknologi i kommunane. Gruppa har arbeida saman sidan 2016.

DigUp: Det er laga intensjonsavtale mellom UiS og kommunane i 2019 om eit forskings og innovasjonsprosjekt med Universitetet i Stavanger. DigUp har mål om å utvikle ein didaktisk digital undervisningsplanleggjar (DigUp)– med lærarar og for lærarar. I 2020 vil skular og lærarar bli involvert i prosjektet. Frå UiS er m.a. Anne Håland, Unni Fuglestad og Mary G. Billington med.

3. Felles kurs og driftsoppgåver m.a. eksamen, rekruttering

1.klassekurs: I mai/juni 2019 organisert og arrangerte Gjesdal kommune på vegne av kommunane 1.klassekurs for alle lærarar som skal ha fyrste klasse ved skulestart. Dette vert gjort kvart år på rundgang. Våren 2020 er det Time kommune som arrangerer. Kursa er i klasseleiing, lesing og rekning. Det var gode evalueringar frå lærarane.

Munnleg eksamen: Jærskulen saman med Sola kommune har kvart år samarbeid om munnleg eksamen. Ein er sensorar for kvarandre og har eit samarbeid før under og etter eksamen er gjennomført.

Rekruttering: Ein lærar frå kvar kommune er rekrutteringslærar. Nokre av desse har vore med saman med representant frå skuleeigar i Jærskulen på Karrieredag på Universitetet i Stavanger ved oppstart av kalenderåret og ein rekrutteringskveld på Forum Jæren 2.januar. Her får studentar stilla relevante spørsmål. Det har vore ei auke søkjavar til Jærskulen.

Rettleiing: Jærskulen har fire lærarar som har vidareutdanning i rettleiing som har rettleiing i grupper for lærarar som er i sitt andre arbeidsår. I 2019/2020 er det 24 lærarar som har takka ja til denne rettleiinga i grupper.

Lærarsamlingar: Dei 7 nettverka med leiarar på tvers av kommunane har arrangert ulike lærarsamlingar i eigne nettverk. Alle har hatt minst ei lærarsamling. Nokre har hatt fleire.

Jærskulen har saman laga høyringssvar til utdanningsdirektoratet og regjeringa i 2019, m.a. på læreplan fornyinga. Jærskulen har på skuleeigarnivå nytta mykje av tida til evalueringa i 2019 og dei organisatoriske endringane som ein er i ferd med å gjera ferdige.

4. Trygt og godt læringsmiljø

Portal: Jærskulen har eit samarbeid om ein portal der ein finn noko informasjon og malar som ein kan nytte når ein oppdagar at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen.
www.tryggskule.no

Inkluderande barnehage og skolemiljø: Åtte av skulane har i 2019 avslutta ei kompetanseheving i Inkluderande barnehage og skolemiljø, ei statleg satsing frå Utdanningsdirektoratet. Åtte skular og åtte barnehagar har hatt eit interkommunalt samarbeid i regi av Jærskulen. Evalueringa frå denne kompetansehevinga syner at skulane er godt nøgde med den auka kompetansen ein har fått i prosjektperioden 2017-2019. Ni nye skular på Jæren er med i ei pulje som starta opp dette skuleåret (2019/2020). Det er og nokre skular som har søkt om å vera med i neste pulje som har oppstart hausten 2020.



For å få til gode læringsmiljø treng ein å byggje kapasitet på skulane. Ein treng kompetanse om korleis ein skal fremje, førebyggje og handtere mobbing og andre krenkingar. I tillegg må skulane arbeida systematisk for å sikra at alle elevar skal oppleva å bli inkludert og ha det bra på skulen.

Skulane har desse delpliktene:

- Plikt til å følgje med
- Plikt til å gripe inn
- Plikt til å varsle
- Plikt til å undersøke
- Plikt til å setje inn tiltak

Skuleeigarnivå: Der er og erfaringsdeling arbeid med trygt og god læringsmiljø på skuleeigarnivå. Det gjeld både førebyggjande arbeid og læring kommunane for eksempel får om ein av kommunane har tilsyn frå Fylkesmannen.

Robust: I 2019 sa skuleeigarar ja til å leggje til rette for at ungdomsskulane i dei fire kommunane kunne vera ein del av forskningsprosjektet Resilient i regi av Universitetet i Stavanger. Resilient utviklar og testar ut undervisningsopplegget ROBUST. I starten av 2020 har nesten alle ungdomsskulane og 1-10 skulane på Jæren takka ja til å vera med frå

og med hausten 2020. Halvparten av 8.klassingane vil få undervisninga ROBUST i 8.klasse 2020/2021 medan den andre halvparten vil få undervisninga i 10.klasse.

ROBUST kurser skoleansatte i å undervise elever i fem hovedtema:

1. Sosiale relasjoner
2. Oppmerksomhetstrening
3. Problemløsning
4. Følelser
5. Lærende tankesett

www.uis.no/robust

Dei 25 undervisningsøktene i ROBUST har som mål å auke trivsel og motivasjon hjå elevar i ungdomsskulen gjennom å fremme sosial og emosjonell kompetanse.

Forskningsprosjektet er eit randominisert kontrollert studie. Både elevar som får undervisninga, og elevar som ikkje får undervisninga vil få spørsmål som dei skal svare på. Resultata frå forskningsprosjektet vil kommunane mellom anna nytte til å ta i bruk alt, eller deler av undervisningsopplegget ROBUST for alle elevane våre etter kvart.

Undersøking desember 2019

I desember 2019 svarte 77,4% av alle lærararne på ei undersøking. Undersøkinga vart laga som følgje av politisk vedtak i Klepp, men dei tre andre kommunane ønska å vera med. Undersøkinga syner at det er få forskjellar mellom kommunane på dei spørsmåla som er stilt. Det var 15 spørsmål. Fleire spørsmål var opne. Skulane har fått ei oppsummering av eigne svar. Kommunane oversikt over alle sine svar.

I Gjesdal opplever lærarar i mindre grad enn dei andre tre kommunane at utviklingsplanane har færre område og tydelegare mål. I Klepp og i Gjesdal er det flest lærarar som ikkje har hatt særleg utbytte av lærarsamlingar. Nokre lærarar seier at samlingane har vore for dårlig førebudde, andre seier dei skårar dei lågt fordi det er for mykje gruppearbeid, andre meiner det er for lite gruppearbeid og andre igjen fortel om at andre lærarar som dei skal samarbeide med ikkje er førebudde nok. Svara her samsvarer med det evalueringa våren 2019 synte. Endringar som vert gjort for Jærskulen i 2020 tek med seg evalueringa og spørjeundersøkinga frå desember 2019.

Lærarar i Jærskulen opplever i stor grad at dei er ein del av eit profesjonsfagleg fellesskap. Det er arbeida systematisk og godt omkring samarbeid på skulane over år. Dette er eit svært godt grunnlag for å få til ny læreplan på kvar skule. Læreplanen forutset at ein skal samarbeida mykje og godt saman.

Lærarar i Jærskulen opplever i stor grad at elevar og lærarar har fått god opplæring i bruk av IPad /Chromebook på eigen skule. Her syner resultata at kommunane og leiarane har gjort ein svært god jobb.




Spørjeundersøking til lærarar i Jærskulen i desember 2019 (svarprosent 77,4%):
Graderte svar: Det stemmer i liten grad 1-Det stemmer i stor grad 5

| Spørsmål | Gjesdal | Hå | Klepp | Time | Jærskulen |
|--|---------|-----|-------|------|-----------|
| 4) Skuleleiarane skal leggje til rette for skulebaserte prosesser på eigen skule. Jærskulen skal støtte leiarane i å få til 3.5 i Overordna del av læreplanen: Profesjonsfellesskap og skoleutvikling. På min skule har me eit godt profesjonsfaglig fellesskap. | 3,9 | 4,0 | 3,9 | 3,9 | 3,9 |
| 7) Det har vore eit mål i prosjektperioden til Jærskulen at utviklingsplanane skulle ha færre område og tydelegare mål. Utviklingsplanen på min skule har færre og tydelegare mål no enn i tida før 2013. | 3,1 | 3,6 | 3,6 | 3,7 | 3,5 |
| 8) Alle elevar har læringsbrett (Ipad eller Chromebook). Opplæringa for elevar og tilsette har vore god på min skule | 4,2 | 4,1 | 4,2 | 4,2 | 4,2 |
| 9) Som lærar er det viktig for meg å arbeida i ein kommune der elevane har eige læringsbrett (Ipad eller Chromebook). | 3,9 | 3,9 | 3,9 | 4,0 | 3,9 |
| 10) For å få ei god tilpassa læring er det veldig viktig at elevar på 1-4.trinn også i framtida har læringsbrett (Ipad eller Chromebook) i min kommune. * | 3,6 | 3,7 | 3,7 | 3,7 | 3,7 |
| 11) Eg har hatt utbytte av å vera på lærarsamlingar i regi av Jærskulen. | 2,9 | 3,4 | 3,0 | 3,2 | 3,2 |

*Lærarar som arbeidar i ungdomsskulen svarer i snitt 2,8 på dette punktet. Lærarar som arbeidar i småskulen svarer i snitt 4,3 på dette punktet.

Vinteren 2019/20 har det vore ein debatt m.a. i media om bruk av læringsbrett for elevar 1-4. Skuleeigarar i Jærskulen er klare på at verktøyet som læringsbrett er for læring og undervisning, er nødvendig og for 1-4.trinns elevar. Dette vert støtta av lærarar som underviser på 1-4.trinn. I snitt svarer lærarar 1-4.trinn 4,3 på dette spørsmålet. (skala 1-5)



Nettverk i 2019 og i 2020

Skuleleiarar er organiserte i leiarnettverk på tvers av kommunar. Barneskular er saman med barneskular, ungdomsskular med ungdomsskular og 1-10 skular med 1-10 skular. Denne organiseringa vil halde fram for 2020 og. Skuleleiarane har hatt fem nettverksmøte i skuleåret 2019/2020. I 2020/2021 vil det vera 4 møte. Arbeidsplasstillitsvalde har og vil framleis ha nettverk på tvers av kommunane.

Samansetninga i styringsgruppa er endra. Her har skulesjefane gått inn i staden for kommunalsjefane. Skulesjefane utgjer styringsgruppa saman med dei hovudtillitsvalde i Utdanningsforbundet og utviklingsleiar i Jærskulen. Vidare er det sett i gang eit arbeid for å sjå på organiseringa av leiarnettverka på tvers av kommunane.

2020 vert det fyrste året med ei fast og varig organisering. Samarbeid mellom skuleeigar, politisk og administrativt vert viktig for det vidare arbeidet. Ein ser og at Jærskulen treng å kommunisera tydleg kva ein ønskjer samarbeidet skal vera, og kva det ikkje skal vera. Jærskulen sitt læringsfellesskap skal fremme læring for kvar enkelt elev. I samarbeidet om skuleutvikling mellom fire kommunar får ein til meir og betre utvikling for elevane. Det er kommunane som styrer kva Jærskulen er og skal vera. Arbeidet i Jærskulen skal styrke utviklinga i kommunane og på skulane. Det skal ikkje vera noko anna.

Konklusjon

Tilstandsrapporten syner noko av kvaliteten og utviklinga på skuleområdet i våre kommunar. I rapporten kjem det fram styrkar og utfordringar, likskap og ulikskap. Denne kunnskapen vil gjennom gode prosessar gi læring og inspirasjon i arbeidet med å skapa ein endå betre skule.

Jæren 02/03- 2020:

Hilde Siira, skolesjef Gjesdal

Trond Egil Sunde, skolesjef Hå

Pamela Sudmann, skolesjef Time

Jan Harald Forsmo, skolesjef Klepp

*Nina Nygård Magnussen,
utviklingsleiar Jærskulen*

